

Roy Døssland og Kristian Haugen var med og henta ut pytonslangane.

28.07.2020



Røykdykkar Roy Døssland og Kristian Haugen frå branntroppen i Uskedalen var med og tok ut pytonslangane av det brennande huset på Husnes i går (Arkivfoto).

Roy Døssland og Kristian Haugen er røykdykkarar i Branntropp Uskedalen. Dei, saman med Magne Heggøy frå Husnes, fekk oppdraget med å henta ut pytonslagane ved brannen i Kleivavegen på Husnes i går. Roy Døssland fortel til Uskedalen.no at oppdraget var spesielt, men ikkje farleg eller skummelt. Syster hans, Trude Helen, dreiv i si tid dyrebutikk, også med reptilar og andre krypdyr. Han var med på det og tileigna seg kunnskap og erfaring med eit variert utval av dyr. Dessutan er han oppvaksen på gard. I dag har han eige bruk og driv med hest og sau.

Straks branntroppen frå Uskedalen kom på plassen, fekk Roy Døssland og Kristian Haugen oppdraget med å redde ein garasje frå å brenna ned. Etter ei tid kom meldinga om at det var dyr i kjellaren. Ikkje kva som helst, men 10 pytonslagar. Ni av dei skulle vera i plastkassar, den 10. slagen var i eit akvarium. Ein av dei ni slangane kom seg laus frå plastkassen. Dermed var to av pytonslangane lause og måtte fangast berre med nevanne.

Det var dårleg sikt i lokale. Dei valde å gjera det slik at Heggøy tok dei som var lause. Døssland og Haugen fekk ut dei som låg i plastkassane.



Åtte av dei ti pytonslagane låg i plastkassar.

Heggøy vart i dag intervjuet av NRK1. Han fortalde levande om hendinga, også om dei to røykdykkarane frå Uskedalen som var med og gjekk inn i den røykfylde kjellaren og henta ut pytonslangane.

I dag har TV2 intervjuet dei tre brannmennene. Det var venta at innslaget skulle koma i kveld i 21 sendinga. Slik vart det ikkje. Innslaget er under redigering og kjem seinare.

Knut Olav Myklebust frå Politiet var innsatsleiar og hadde det koordinerande ansvaret på plassen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Skjermfoto frå NRK1 si distriktssending/ TV2



Kjell Harald Tungesvik og Tor Øystein Myklebust frå branntroppen i Uskedalen med ein av plastkassane.

